

## Saksprotokoll i fylkestinget - 17.12.2019

Fylkesordfører gav slikt svar:

1. Det er gjennomført møte med totalentreprenør og Heismontøranes fagforeining. Ut frå mottatt dokumentasjon så langt, så tyder det på at lønns- og arbeidsvilkår er innanfor kontrakten og det norsk regelverket, men forholdet vil bli følgt opp med ytterlegare møte og med førespurnad om meir detaljert innsyn i vilkåra. Det vil også bli følgt opp om krav til fagleg ansvar er innanfor regelverket.
2. Ut frå det fylkesrådmannen er gjort kjent med frå våre kontraktpartnerar, så er det ikkje inngått avtale med det aktuelle heismontasjeselskapet i andre prosjekt. Men fylkeskommunen har same totalentreprenør på Askøy vgs og ein vil følgja opp spesielt at deira bruk av heisleverandør blir innanfor gjeldande regelverk og kontrakt.